Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. 7

Herad: Leikanger

Emne: Skav

Bygdelag: Fresvik

Oppskr. av: Hans O. Hov

Gard: Hov

(adresse): Fresvik, Sogn

G.nr. 49 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Det er heilt ukjendt her i bygda, at fehandlarane gav meir for ei ku som hadde fått skav om vinteren enn for ei som ikkje hadde fått.

2 Det var korkje vanleg tru eller røynsle her, at ei ku som hadde fått mykje skav fekk svart kjøt, som var vanskeleg å selja.

3 Det var gamal røynsle, at når ein gav kjyrne skav vart mjølka feitare, det vart tjukkare rjome på koppane. At mjølka var farleg for kalvar og grisar har ein inga røynsle om.
Dei sortar skav ein brukte mest var ask og osp. Ein har eit ordtøkje om skav som lyder slik: „Vier velte, seljao svelte, heigg set merg i legg, ask gjer kui rask, men raun føe og ospi gjøe"

4 I eldre tider var det nok slik, at ein brukte noko skav frametter heile vinteren, men nokon fast regel om kor mykje ein skulle bruka er ikkje kjend, seinare vart det brukt skav

N. J. VANGSNES FRESVIK

9496

lerre når det lid mot våren, når
ein såg det ville verta knapt med
foret.

5 Her i bygda hadde ein på kvar gard
tvo slag skavlar, ein liten som
ein skov med i hand dei gramas-
te kjeppane og såg ut slik 
Vinkelen kunne vera pålag 60°.
Ein stor skavl der ein brukte båe
hendene såg slik ut 
Vinkelen millom skaftet og bitjarnet
kunne vera pålag 45°.
På den beste skavlen var bladet bøygt
slik at ein kunne nøtta til ymse
utholingsarbeid (skeier, auser o.l.

6 Skavljå som er nemnd i samband
med ein staur eller stolpe er ukjen-
de ting her.

7 Fresvik er ei skogbygd, det er soleis
ikkje kjendt her, at ein kjøpte eller
leigde skavskog.

8 Der i mot har det hendt, at det ved
deling av skog i sameiga vart teke
omsyn til skav og lauvskogen, soleis
at den eine skulle ha askeskogen,
medan den andre skulle ha den an-
dre skogen i same teigen

9 Dei som hadde rett i almenning
kunne ta skavder

10 Husmannen hadde ikkje rett å ta
skav i skogen til husbonden utan
løyve.

11 Skavhella er eit ukjendt ord her,
so eg kan ikkje med vissa seia kva
ho vart brukt til. Eg kan nemna,

at når det leid mot våren so ein
kunne setja ute å skava, la ein jam=
nast ein sekk på marka der skavdungen
kom til å liggja, so det skulle vera
lett å samla alt, so ikkje noko gjekk
til spilla. Kanske skavhella var ein
slik „skavplass," ja kvemm veit?

12 Det var ingen som hadde slik miss=
tru til Tuftekallen, at han ville
setja skavet på skavveden att, om
ein sturva med skavinga.

Fresvik, Sogn i april 1954
Hans O. Hov

N. J. VANGSNES
FRESVIK

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9496